Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 04.09.2015
Vår ref.: 201206934-39
Arkiv: 312 / 052.513
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Tor Carlsen

# Oversendelse av klage på vedtak om avslag på søknad om Kastdalselvi kraftverk i Kvam herad

**Vedtak om avslag på søknad om tillatelse til bygging av Kastdalselvi kraftverk er påklaget av NK Småkraft AS.**

**Klagen er gitt innen klagefristen og tilfredsstiller de øvrige vilkår for klagerett i forvaltningslovens kapittel VI. NVE har forberedt klagen i tråd med forvaltningsloven § 33.**

**Vi kan ikke se at klagen gir grunnlag for å endre vårt vedtak av 3.7.2015. Klagen oversendes derfor til Olje- og energidepartementet (OED) for endelig avgjørelse.**

## Bakgrunn for saken

NVE mottok søknad datert 12.3.2014, om tillatelse til bygging og drift av Skåro kraftverk i Kvam herad i Hordaland. Saken ble sendt på høring den 2.4.2014 sammen med elleve andre kraftverksøknader i Kvam, Fusa og Samnanger kommuner. Det ble holdt folkemøte i forbindelse med høringen på Kunsthuset Kabuso på Øystese den 12.5.2014. NVE var på befaring i området den 16.9.2014. Den 3.7.2015 avslo NVE søknaden om Kastdalselvi kraftverk siden tiltaket medføre at deler av det verdifulle fjordlandskapet i Fyksesund vil miste sitt urørte preg.

## Klagen

NK Småkraft AS

> *«Vi viser til brev datert 3.7.2015 der NVE avslår konsesjon for Kastdalselvi kraftverk (KK) i Kvam herad. Klagen blir sendt 14 august og såleis innafor frist som er oppgjeve i oversendingsbrev frå NVE.*
>
> *Kastdalselvi kraftverk (KK) klagar med dette på NVE sitt avslag til Olje- og energidepartementet. Vi er ikkje einige i NVE si vurdering av konsekvensane av dette prosjektet. Spesielt at prosjektet er planlagt i eit område med større eksisterande inngrep, som NVE hevdar ikkje er relevant, og korleis prosjektet vil påverke landskapet for området i forhold til det vi meiner er eksisterande inngrep (420 kv linje innanfor prosjektområdet). Vi merkar oss også at NVE har ein annan definisjon over kva som er indre del av Fyksesund enn den som blir nytta lokalt av*

*innbyggjarane. Dette er relevant då indre del av Fyksesund er vurdert strengare enn midtre og ytre del av sundet og slik vi ser det ei grunngjeving for avslaget.*

*Bakgrunn for vedtak NVE*

*Vi refererer frå KSK-notat 65/2015- Bakgrunn for vedtak:*

*1. «Skåro og Kastdalselva kraftverk ligger innenfor Vikaneset i Fyksesund. Landskapet innenfor Vikaneset har langt mindre fysiske inngrep enn de ytre delene. NK Småkraft har i sitt svar på høringsuttalelsene påpekt at Kastdalselvi ligger i midtre deler av Fyksesund og ikke i indre deler. NVE mener Vikaneset skaper et naturlig skille i Fyksesund og vil videre i vedtaket referere til områdene innenfor Vikaneset som indre deler av Fyksesund.»*

*Kommentar: Vi merkar oss at NVE har ein annan definisjon på kva som er indre del av Fyksesund og med dette vurderer prosjektet strengare enn det som er reelt. Ettersom kraftstasjonen ligg ved Vikane, vil vi igjen understreke at det er dette innbyggjarane i Fyksesund definerer grensa mellom indre og ytre del av Fyksesund. Det blir også litt spesielt å skrive at «Landskapet innenfor Vikaneset har langt mindre fysiske inngrep enn de ytre delene» når Statnett sine «monstermaster» og fjordkryssing på 420 kv ligg innanfor prosjektområdet til KK. Vår opp-fatning for at Fyksesund er registrert som særlig kvalitetsområde er indre delar som Botnen og Skåro. Prosjektet KK vil ikkje komme i konflikt eller være visuelt skjemmande frå den indre delen av Fyksesund på nokon måte.*

*2. NVE mener Fyksesund er et svært viktig friluftsområde som har landskapskvaliteter som er sjeldne i regionen og i landet. Fra Vikaneset og forbi Kastdalselvi og inn til Botnen er Fyksesundet veiløst på begge sider av fjorden. Dette gir området et sterkt urørt preg. NVE mener følelsen av urørthet er tilstede selv om deler av nedbørfeltene på østsiden er overført til Bjølvo kraftverk. NVE mener også at kraftlinjen til Sima-Samnanger går så høyt over sundet at det ikke nevneverdig reduserer følelsen av urørthet når man ferdes på fjorden i for eksempel båt eller kajakk. I vurderingen av Skåro og Kastdalselvi kraftverk mener NVE det er riktig å legge til grunn retningslinje 3.1 i Hordalands fylkespolitiske retningslinjer for små vannkraftverk: «I urørte fjordlandskap skal ein vere svært restriktiv med kraftutbygging som reduserer det urørte preget i landskapet.»*

*Kommentar: Her er vi igjen usamde med NVE si vurdering av at «monstermastene» og kraftlinja Sima-Samnanger «går så høyt over sundet at det ikke nevneverdig reduserer følelsen av urørthet når man ferdes på fjorden i for eksempel båt eller kajakk». Vi legg ved video av bygginga av fjordspennet over Fyksesund: https://www.youtube.com/watch?v=QKVJkH05kXs som kan gje eit inntrykk over dimensjonane av mastene og fjordspennet på «innsida» av prosjektområdet for KK. Dette meiner vi er eit bevis på at denne delen av sundet ikkje er urørt av tekniske inngrep, og vi er spørjande til korleis NVE kan hevde at eit slikt gigantisk fjordspenn ikkje blir opplevd nemneverdig enten ein ferdast med båt, kajakk eller til fots i dette området? Det er difor etter vår oppfatning litt «søkt» å nytte Hordalands fylkespolitiske retningslinjer for små vannkraftverk for «urørte fjordlandskap» til grunn når ein argumenterer med at prosjektområdet for KK skal vurderast etter dei strengaste prinsipp og vi ber NVE utdjupe dette nærmare i sin kommentar til denne klagen. Vår på-stand er også at dei av høyringspartane som har vore negative til KK, som NVE argumenterer for og tillegg vekt i forhold til avslaget, vil være einige med KK i forhold til at «monstermastene» og kraftlinja er eit markant inngrep som bør tilleggas vekt.*

*3. NVE mener at de tekniske inngrepene som er planlagt ved Skåro kraftverk vil være svært synlige og dermed klart i strid med de fylkespolitiske retningslinjene som er gitt. Det er særlig anleggsvei og rørgatetrasé som vil være vanskelig å revegetere og arrondere etter anleggsfasen. Slike inngrep i Fyksesundet vil ta vekk det urørte preget. Når det gjelder de tekniske inngrepene som er planlagt ved Kastdalselvi kraftverk mener NVE at disse vil være av langt mindre omfang enn for Skåro. Kastdalselvi er planlagt med vannvei i fjell og vil dermed ikke medføre store inngrep i landskapet. Selve inntaket til Kasdalselvi kraftverk vil medføre et inngrep, men dette i et område som ikke er synlig fra fjorden og som allerede er berørt av mastepunkter for kraftlinjen mellom Sima og Samnanger. NVE mener inngrepene fra kraftlinjene er ikke relevante for følelsen av urørthet som oppleves på fjorden. NVE mener det er i særlig grad tunnelpåhugget og veien fra Klyve og inn til kraftstasjonen som vil være nye tekniske inngrep som påvirker opplevelsen av en urørt fjord i Fyksesund. Området på innsiden av Vikaneset har noe hyttebebyggelse, et kaianlegg og en kraftlinje. Det må påregnes omfattende rydningsarbeid for å fjerne skredmasser for å lage en sikker adkomstvei til kraftstasjonen og tunnelpåhugget. NVE mener at inngrepene som er planlagt i forbindelse med Kastdalselvi kraftverk er av et slikt omfang at denne avgrensede delen av fjorden vil miste sitt urørte preg.*

*Kommentar: Det er positivt at NVE vurderer inngrepet for Kastdalselvi kraftverk som meir tilpassa og av eit mindre omfang enn for dei andre prosjekta i Fyksesund. Vidare meiner NVE at tunnelpåslaget og vegen inn frå Klyve til kraftstasjonen «som nye tekniske inngrep som påvirker opplevelsen av en urørt fjord i Fyksesund.» Vi har diskutert tidlegare kor vidt denne delen av Fyksesund er urørt eller ikkje, og skal ikkje gå ytterligare inn på at vi er ueinige med NVE si tolking av det. Vidare savnar vi NVE si landskapsmessige vurdering av alternativ B og C. I kommentarar til fråsegner datert 5.9.2014 (vedlegg 1) er det gjort konkrete tilpassingar til vegalternativet etter innspel frå høyringspartane. Både ved å flytte kraftstasjonen (alt B), slik at vegstrekninga blir kortare, men også å fjerne vegen heilt og i staden etablere kai for tilkomst via båt. Ein står då igjen med «tunnelpåhugget» som vi meiner kan avbøtast med stadeigen farge som gjer at dette vil være vanskeleg å få auge på samt at området framfor dette vil være revegetert i løpet av 5-10 år slik at og andre vekstar vil dekke for dette.*

*NVE gjer også klart i vedtaket at dei meiner fleire av høyringspartane si negative haldning til prosjektet også er medverkande til at dei samfunnsmessige føremonna ikkje overstig ulempene i forhold til ein konsesjon. Til det ønskjer vi å påpeike at organisasjonar som DNT, Naturvernforbundet, FNF (som er ei samanslutning av dei same organisasjonane) nærmast aldri går inn for småkraftprosjekt. Det som er viktig for KK er at prosjektet har positivt tilslutning lokalt av lokale innbyggjarar og lokalt styresett ved Kvam herad si positive haldning til prosjektet. Dette i tillegg til grunneigarane i området si positive oppslutning. Vidare har også Fylkeskommunen vore mindre negativ til prosjektet dersom ein unngår vegen til kraftverket.*

*I vedtaket frå NVE står det også at BKK Nett skriv at det ikkje er nettkapasitet i området. Slik vi les fråsegna til BKK Nett og tilbakemeldinga frå områdekonsesjonær Kvam kraftverk tolkar vi at det ikkje er ledig kapasitet til alt som var omsøkt i Kvam-området. Ettersom NVE har avlsått 2 kraftverk og 2 kraftverk var trekte pga stor motstand under konsesjonshøyringa, oppfattar vi at det med mindre tilpassingar er nettkapasitet til KK.*

*Det som vi også savnar i vedtaket frå NVE er vurderinga rundt kor vidt KK vil være med å gje eit betre næringsgrunnlag til dei lokale grunneigarane som vil være med å styrke og halde i hevd det flotte kulturlandskapet. Gardsdrifta her består av sauedrift, kyr og tømmerdrift. Eit av gardsbruka hogg også tømmer til eige stølshus like oppom prosjektområdet for to år sidan.*

*Dette er jo småbruk med dårleg avkastning som ein må kjempa på for å gjera attraktive for nye generasjonar. Sjå også vedlegg 2 som viser skog og beiteareal i dette området.*

*Diverre blir det flotte kulturlandskapet, som er avhengig at nokon driv dette og held det i hevd, brukt som argument imot prosjektet av enkelte høyringspartar. Tiltaket vil slik vi vurderer dette være viktig for lokale grunneigarar og såleis være med å styrke næringsgrunnlaget i området. Dette vil være med å styrke tilhøve for kulturlandskapet og busetnad i området.*

*Vi ber OED vurdere dette vedtaket nærmare med den informasjonen som her framgår. Ta kontakt om det er behov for ytterligare opplysningar eller spørsmål til dette. Vi ber også om at det blir gjennomført ei ny synfaring i forbindelse med klagehandsaminga slik at OED sjølv kan sjå planane i terrenget.»*

**NVEs vurdering av klagesaken**

NVE kan oppheve eller endre vedtaket dersom NVE finner klagen begrunnet, alternativt oversende klagen til OED for endelig avgjørelse (jamfør forvaltningsloven § 33).

NK Småkraft påpeker ulike punkter i vedtaket hvor de er uenige i NVEs vurderinger og avveininger av fordeler og ulemper. NVE viser til vedtaket av 3.7.2015 og konstaterer at vi er uenige med klager på disse punktene.

NK Småkraft ber i klagen om at NVE utdyper hvorfor prosjektområdet til Kastdalselvi kraftverk vurderes som urørt fjordlandskap selv etter en utbygging av kraftlinjen mellom Sima og Samnanger.

NVE viser her til vedtaket av 3.7.2015 og minner om at selv om det finnes tekniske inngrep i et område kan området fremdeles oppleves som urørt. NVE vurderer hver enkelt sak selvstendig ut i fra tilgjengelig planinformasjon, innkomne høringsuttalelser og befaring av området. NVE har ikke lagt skjul på i vedtaket at det finnes tekniske inngrep i området. NVE vil også minne om at Kvam herad, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen og Hordaland turlag, Forum for Natur og friluftsliv Hordaland og Naturvernforbundet i Hordaland i sine høringsuttalelser til Kastdalselvi kraftverk påpeker at fjordområdet fremstår som urørt selv etter etableringen av kraftledningen mellom Sima og Samnanger. NVE har i vedtaket altså ikke forfektet et syn som er radikalt annerledes enn synet som fremkommer av uttalelsene fra faginstanser og organisasjoner som forvalter landskapsverdier og friluftsverdier.

**Konklusjon**

NVE kan ikke se at det i klagen er kommet frem nye opplysninger som gir grunnlag for å endre vårt vedtak av 27.2.2015. Klagen oversendes derfor OED til endelig avgjørelse (jamfør forvaltningsloven § 33). Alle sakens dokumenter gjøres tilgjengelige for departementet gjennom internettløsningen SeDok.

Med hilsen

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg: Sakens dokumenter oversendes departementet via SeDok

Kopi til:

NK Småkraft AS